



Helen E. Horvli

Dato: 14.10.2016  
Vår ref.: 2014/11005-6  
Saksbehandlar: inggase  
Dykkar ref.:

## Lars Hillesgate 27 og 29 - gnr 164 bnr 948 - Påbygg forretning / salslokale - Bergen kommune. Kulturminnefagleg fråsegn.

Vi viser til møte datert 26.08.2016, i høve førespurnad om påbygg på eigedom i Lars Hilles gate 29, gnr. 164 bnr. 948 i Bergen kommune. Vi viser òg til våre innspel til melding om oppstart av planarbeid, reguleringsending, på eigdommen datert 14.04.2016.

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektormynde innan kulturminnevern.

### Kva saka gjeld

Saka gjeld førespurnad om det mogleg å få bygge på ein ekstra etasjehøgde på den verneverdige eigdommen i Lars Hilles gate 29. Det er meldt oppstart av detaljregulering på eigdommen datert 27.01.2016. Føremålet med planarbeidet er å regulere frå dagens bruk som er forretning/kontor til forretning/kontor/tenesteyting og bustad. Planen har hatt som hensikt å regulere for i alt fem etasjar, som er i tråd med føringar knytt til vedtak om oppheving av mellombels freding, jf. vårt brev datert 04.01.2016. Tiltakshavar har no innhenta dokumentasjon i kommunen sitt byggesaksarkiv, som syner at eigdommen i 1962 vart tenkt bygd med 6 etasjar, men med eit anna formspråk. Det vert difor stilt spørsmål om ein no kan tillate å bygge på med ein etasje ekstra på eigdommen.

### Vurdering

Eigdommen vart mellombels freda 25.mai 2005. I brev frå Hordaland fylkeskommune, datert 04.01.2016, vart det gjort vedtak om oppheving av mellombels freding, med ny vurdering av kulturminneverdiane og kva rom det er for nye tiltak som ikkje svekker desse:

*Eit påbygg, gitt ei god form og tilpassing, vil ikkje redusere dei arkitektoniske verdiane til bygningen. Me kan heller ikkje sjå at dei kulturhistoriske verdiane ved bygningen – forstått som eit eksempel på og minne om bilismens og bilbransjens framvekst i mellomkrigstida – vert svekka av eit påbygg. Fylkeskommunen har slutta seg til eit forslag til påbygging der både det avrunda frontpartiet og langsida mot Lars Hilles gate er ført opp i fem etasjar, med vidareføring av formene i den eksisterande andre etasjen. Dette svarer også i det vesentlege til dei opphavlege planane for bygningen.*

Eigdommen ligg i dag i eit transformasjonsområde der byggehøgden har endra seg kraftig, sidan den gong bygget vart oppført på 30-talet. I Nygårdsgaten 91 og 93 er det i 2014 vedtatt at nybygg kan ha byggehøgde på 32,5 meter. Vis à vis i Lars Hilles gate 30, er det òg i 2014 vedtatt at det gamle Hydrobygget frå 1982 skal transformerast til å huse Media City Bergen. Hovudblokka, som tidlegare var på 55 meter, vil med sine nye 61,5 meter vere det høgste bygget i Bergen. Vi ser difor at i alt 6 etasjar på eigdommen i Lars Hilles gate 29 ikkje vil få store negative konsekvensar for kulturminneinteressene i

planområdet. Vi ber om at det i dei nye etasjane i fasaden mot den freda bensinstasjonen vert sett inn vindauge, då dette kan vere med på å sikre nasjonale kulturminneverdiar i Lars Hilles gate 27.

### **Konklusjon**

Hordaland fylkeskommune har vurdert at eigdommen gnr. 164, bnr. 948, Lars Hilles gate 29 i Bergen kommune kan byggast på med i alt 4 etasjar. Føringar for vedtak om oppheving av freding må leggjast til grunn i det vidare planarbeidet. Vi har ingen vidare merknader i saka.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Inger Lena Gåsemyr  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Kari Johannesen